

VEDTEKTER og REGLEMENT for Midsund Kulturskule

- 1 **Kommunestyret fastset semesteravgifta. (2.300,- p.år)**

Det er gjeve 20% rabatt for sysken nr. 2 og 30 % for sysken nr 3 og 40 % for sysken nr 4 OSV. samt for fleire instrument og 25 % for gruppeundervisning.
I tillegg til semesteravgifta må ein gjere rekning med å betale undervisningsmateriell (noter m.m.) og ev. instrumentleige.
- 2 Som hovudregel gjeld opptak i musikkskulen **for eit heilt skuleår.**
- 3 **Frist for innmelding i kulturskulen er 15 april. Innmelding skal skje skriftleg på søknadsskjema som sendes musikkskulen. Det er høve til å melde seg inn etter fristen, men skulen tek då forbehold om lærarkapasitet.**
- 4 **Får å behalde plassen i kulturskulen må ein gje skriftleg beskjed til rektor. Fristen er 15 april.**
- 5 **Utmelding av kulturskulen må skriftleg rettast til rektor. Fristen er 15 april.**
- 6 Elevavgifta skal betalast til kommunekassa og kan ikkje refunderast bortsett frå
 - ved lengre tids sjukdom (over seks veker)
 - ved flytting frå kommunen
 - for nybegynnarar (sjå punkt 7)
- 7 For nybegynnarar er det høve til å slutte etter berre eitt semester.
Det må gjevast skriftleg utmelding til kulturskulen innan **1. desember.**
- 8 Det er høve til å leige instrument av kulturskulen, dersom skulen har ledige instrument. (500,- p.skoleår)
Skade på skulen sine instrument må straks meldast til rektor. Skuldast skaden uforsiktig behandling, pliktar eleven å betale reparasjon.
- 9 Dersom eleven på grunn av sjukdom eller andre tvingande årsaker ikkje kan møte til undervisning, må lærer eller rektor få melding på førehand.
- 10 Dersom læraren er forhindra frå å møte, vil timen bli erstatta så langt det er råd.
- 11 Elevar som syner ufin framferd, lita interesse eller på annan måte øydelegg undervisninga, kan misse retten til å få undervisning. I slike tilfelle kan ein ikkje gjere rekning med å få refundert deler av eller heile semesteravgifta.